

Det vart no arbeidd ut ordloket: 1. Sjønst Bregde: der offisielt
 Landsmaale.
 2. Sjønst Bregde: der offisielt
 norsk-danske riksmaal.

Kjære Johs. Lavik

Takk for brevet Ditt — i alle maatar!

Det vart greidd med Berg. Aftenbl.; eg gav dem ein liten stubb til; han trøng ikkje um aa vera lang, for i det andre stykket sitt hev Bing ikkje nemnd eit ord um samanlikning millom "hidlegare" og "seinare" redakojonet av almanakka, som skulde setja "maalprofessoren" i gapestokken. Det var no heller ikkje so lettvind aa prova at h. d. "Fingergullsmessa" synte "støtte omhyggelighed, kyndighed og objektivitet", naar "redaktionen i 1886" sette den dagen inn, enn naar redaktionen no gjer det.

Um landsmaalet hev eg visst nett same meining som Du. Og eg hev den troi og den voni at norstken vil reisa seg upp att liksom heil og rein og ven som i Svær Stases klare huggsyn, um vit og smak og kunnskap far standa for styret, og det fredelege framstig vert framgangsvegen framleides, og den anarkistiske villskapen ^{ikke} legg lan-

det i øyda. I rettskrivningsnemndi gjorde eg alt eg kunde til aa halda "mynstermaalet" uppe; og naar alt vert framlagt, vil det syna seg, at det ikkje er gjort ^{gjort} brigde, som er mykje merkande - for den som vil halda uppe dei reinaste formerne.

Det er sjølv sagt at det hadde gjenge betre, um ikkje so mange av deim som skriv landsmaal, hadde rota so mykje som dei hev gjort. Eg hev all mi tid tala og skrivt mot alt dette rote; men Du veit: Høyem, Duun, Braaten o. s. f. Klaus Sletten i Olsok og Møre, og fleire med, hev vore gladere i seg sjølve og bygdemaali sine, som laag nett innpaa deim, enn i det samlande store, som bind saman baade alle bygdemaali og vaart nye maal med det gamle - og desse vart stødt og jemt tekne til inntekt av deim, som representerte riksmaalssida i nemndi. Som Du kanskje hev lagt merke til, hev eg ogso i eit servertum sagt meg usamd i ^{i framlegget} ymist, baade med omsyn fraa "moteivering" og "resultat", og det gjeld sjølv sagt avviki fraa normalformi.

Men det som gjorde at eg vart med og raadde riksstyret til aa vedtaka framlegget var, at heile

nemndi gjekk med paa aa leggja folkemaalet til grunn for ^{alt} Vskriftmaalet i landet. Dette vil og lyst hava den fylgja, at dansken maa ut - og naar reformen vert gjennomförd, og alle roteperarne stig fram med kvar sine former, vil det utvilsamt syna seg, at dersom landet skal faa ei ^{brukande norske} Vskriftform, lyst samlingi vesta under Svar Asens merke, for enno hev ingen stige fram og kunna eller vaaga motsagt, at Svar Asen er den som hev havt den største kjennskap til norsk maal, og det beste vit, og den finaste smak til aa velja og vraka, naar det galdt um ei mynsterform for norsk maal. Vyrnaden for den formi gav oss jamstellingi.

Praktisk tala stend Asens form enno, men er ikkje i alle sine former obligatorisk, med di nokre former - for austlandet si skuld (!) - hev vorte valfrie. Me far no sjaa, kor mange austlendingar det vert, som nyttar denne retten, som dei hev ropa so sterkt paa. Det er etter min meining ikkje anna enn van kunna som ligg til grunn for heile dette staaket med austlandsken. Riksmaalssbladi hev hjelpt til med skriket um at landsmaalet berre er "vestlandsmaal", som um ingen paa Vestlandet sa

